



# Årsmelding for Hardangerkoret 2018

, godkjent på årsmøtet 16/2-19

Hardangerkoret har i 2018 hatt fire samlingar, to reine øvingshelger og to konserthelger.

16-18. februar var det øvingshelg på Norheimsund barneskule med overnatting på Sandven hotell. 51 koristar var med. Reportoaret var i hovudsak New Orleans-stoffet til konsertane med Ytre Suløen og Kulturmixkoret i pinsehelga.

18-21. mai reiste ein stor kontingent av koret med privattransport på jubileumstur til korfestival på Sunnmøre. Foreningen Norden arrangerte korfestival i Ørsta med kor frå Sunnmøre, Færøyane i tillegg til Kulturmix-koret og Hardangerkoret. Overnatting og mat var på Møre folkehøgskule. Resten av pinsehelga hadde Hardangerkoret konsertar saman med Ytre Suløen, Tricia Boutté og Kulturmix-koret i Spjelkavik kyrkje og Volda kyrkje. Program ligg nettsida vår. 33 koristar var med til Sunnmøre.

19-21. oktober var det øvingshelg på Jondal bedehus med overnatting på Folgefonn gjestgjevarstad. Denne helga var Sommerlandet i fokus med tanke på konserten i Bergen i november. 45 koristar var med på øvingshelga.

9-11. november song Hardangerkoret Sommerlandet på to konsertar i Bergen, lørdag i Bergen domkirke og søndag i Skjold kirke. Solist Anne Cathrine Eiken, lesar Merete Gauden, pianist Per Arild Skorgen, perkusjon og blåsar Arild B Nilsen, kontrabass Ole Amund Gjersvik. Folk ordna i hovudsak overnatting sjølv, og mange budde på same hotell. 52 songarar var med på konsertane. Bassrekka fekk forsterking i Gisle Haukelisæter.

Per Oddvar Hildre er Hardangerkoret sin faste instruktør og inspirerande dirigent. Han er opptatt av å få samklang ut av songarane, og det gjer det inspirerande å vera med å syngje.

Styret har hatt 4 styremøte, 3 på skype og nokre korte møte i løpet av korhelger. Etter årsmøtet i 2018 var første sak for det nye styret å konstituerte seg med Anne-Karin Stormyr – leiar, Eva Nærø – nestleiar, Gunnar Dalseth – kasserar, Karin Melkeråen Eike – styrelem og kaffiansvarleg, Elin Vestbøstad – sekretær, Magnus Opedal og Trude Lydvo – varalemer. I mars handsama styret sak 1 Voldatur, sak 2 foreningen Norden og sak 3 kor-logo på roll-ups. På styremøte i juni blei det tatt opp 10 saker og på møtet i september blei 9 saker handsama, og 8 sakar blei tatt opp på møtet i oktober, styret har tilsaman diskutert 31 saker.

Hardangerkoret har i 2018 ca femti betalande medlemmer, 21 sopranar, 18 altar, 5 tenorar, 6 bassar – frå Odda, Jondal, Ullensvang, Ulvik, Granvin, Voss, Kvam, Kvinnherad, Stord, Bergen og Askøy.

I tillegg til å arrangere korhelger har styret arbeidd med å få til ei ordning for kortkurs slik me har hatt med Voss Folkehøgskule. Avtalen med Voss vart ikkje fornya i 2018. Noko av årsaka til dette er det er usikkert om ordninga med statsstøtte til kortkurs vert oppretthalde på statsbudsjettet for 2019. Ordninga med kortkurs var framleis ikkje i hamn ved utgangen av 2018, og styret har difor diskutert om kontingenten må aukast for å dekkje utgiftene til koret.

Styret har og vedteke å skaffe såkalla roll-ups med logo til konsertbruk og t-skjorter med logo til medlemene.

Styret har arbeidd med å få Hardangerkoret med på Hardanger Musikkfest i Kinsarvik, og Hardingtonar i Kvam saman med Ytre Suløen og Triccia Boutté i pinsehelga 2019. Til desse konsertane vert andre kor i regionen invitert med i eit storkor med håp om at nokon av dei inviterte koristane blir med i koret vidare.

Ref Elin Vestbøstad, Norheimsund, 10/2 2019